



Dan Storheim
Juvikstølen 8
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Ref.:NIJU3N-
Skjemanr.:5367
Vår: 21/10311 - 21/86216

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
17.12.2021

Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 185/127 Isdal

Viser til krav om retting av bygningstype frå 112 (einebustad m/ utleige) til bygningstype 111 (einebustad).

Den 22. nov fekk kommunen v/ underteikna slik e-post frå deg:

Hvordan søker jeg bruksendring på min bolig?
Jeg hadde tidligere utlei av min bolig på Juvikstølen 8 og no bruker vi hele boligen selv.
Må det foreligge noen tegninger?
Koster det noe?
Send gjerne link til søknadsskjema, på forhånd takk

Kommunen sende svar same dag:

Eg har sett i byggesaka frå 1974, der det vart gitt løyve til bygging av einebustad. På desse teikningane viser ikkje utleige/ sokkel-leiligheit.
(teikning utelatt her)
Denne har då truleg vorte etablert på eit seinare tidspunkt, eller er ikkje omsøkt. Eg kan ikkje finna noko sak om slik godkjenning i allefall.

Då dette huset då truleg ikkje har vore godkjent som bygningstype 112, einebustad med utleigeeining, krev kommunen ikkje søknad om bruksendring etter PBL.

De må difor bruka skjemaet under og be om retting av bygningsopplysningane i matrikkelen.

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/endre-bygningsopplysningar-i-matrikkelen/>

Krav om endring av bygningskode:

Kommunen har motteke krav om retting (dat 08.12)- riktignok frå bygningstype 111 til 111. Me tolkar det til å vera frå dagens kode 112, til 111.

Sjølv om bygningskoden feilaktig(etter dagens reglar) har vorte endra, er det liten tvil om at det har vore etablert ei utleigeeining i dette bustadhuset. Tidlegare var praksis at bygningstypen ofte vart endra etter registrert bruk. No er slik endring eit søknadspliktig tiltak.

Avgifter:

Kravet inneheld også tilleggsopplysningar der du bed om tilbakebetaling av for mykje betalt kommunale avgifter i 2020 og 2021 .

Det er ikkje opplyst om når du tok i bruk heile huset til eige bruk, anna enn at du opplyser at de no har teke heile huset i bruk sjølv. Det er difor usikkert om dette kvalifiserer til tilbakebetaling av avgifter for dei siste 2 åra.

Avdelinga som registrerer avgifter vil få kopi av dette brevet, til vurdering.

Kommunen har utført retting av bygningskode i matrikkelen frå 112 til 111 og har sletta den tidlegare registrerte utleigeeininga i underetasjen.

Vedlagt ligg matrikkelrapport for bygget som viser kva som var/ er registrert av bygningsopplysningar i matrikkelen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dan Storheim

Juvikstølen 8

5916

ISDALSTØ